

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Høyrings-instans (svarar)	Avdeling for Ingeniør og Naturfag (AIN) ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF)
Ev. prosess bak høyrings-innspelet	Eit høyringsmøte med leiargruppa (dekan og instituttleiingar) og eit møte i FoU-utvalet med representantar frå ingeniør/realfag, geologi, landskap og fornybar energi. Dekanen forfatta høyringsinnspelet etter drøftingar. Det vart sendt til FoU-utval, tillitsvalde og instituttleiingar med opning for innspel.
Send høyrings-innspelet til	post@hisf.no ; postmottak@hsh.no ; post@hib.no
Generelt	<p>Generelt:</p> <p>Her er det gjort mykje arbeid på kort tid. All honnør til prosjektgruppa for dette.</p> <p>Diverre er 'plattform' og 'profil'-delen (samla det same som status) av rapporten enno uferdig og dette påverkar denne delen som skulle peike framover ('strategi'). Dette skuldast sannsynlegvis at mandatet for arbeidet var for breitt og omfattande, og er difor ikkje prosjektgruppa sitt ansvar. Eg vonar vi med dette høyringsinnspelet kan hjelpe til at prosjektet i sluttfasen får fokus på plattform/profil-delen.</p> <p>Det viktigaste i denne fasen av fusjonen er å finne ut «kor er vi?» ('Plattform og profil'-delen), og deretter å finne byrje å tenke på «kor skal vi?» ('Strategi'-delen). Ein fullverdig strategiprosess bør først kome i etterkant av fusjonen når vi har fått lov til å bli HVL og bli kjent fagleg. Dette (FPPS) fusjonsprosjektet er altså starten på ein strategiprosess, ikkje sjølv prosessen.</p> <p>Den beste strategien er ofte å satse på eit breitt spekter av dei som har lukkast, og ikkje berre dei ein trur eller meiner burde lukkast; det bør i alle fall vera ein samanheng mellom desse. Difor er ei slik kartlegging så viktig. AIN føreslår difor som generelle innspel:</p> <p>1) Kartlegging for å vite «kor er vi?»</p> <p>Den viktigaste valutaen i vår sektor, bortsett frå studentar, er våre tilsette og deira kompetanse (målt t.d. som tal tilsette med i topp-, første- eller anna stilling; tal publikasjonar i ulike publikasjonskanalar m.m.), prosjektaktivitet, tal stipendiatar). Styringsgruppa ba om ei kartlegging med desse måleparametrane, men desse er enno ikkje gjort tilgjengeleg. Utan ei slik oversikt kan ikkje nokon peike ut kor vi skal i ein ny høgskule og heller ikkje kvalitetssikre dei framlegga på profilområde, profilelement etc som ligg føre i rapporten.</p> <p>Vi føreslår difor ein kompetanseoversikt (tabell o.l. med antal, presentar etc) som kan koplatt til profilelement (gitt at dette byggesteinane i</p>

	<p>profilområda og delområda med, internasjonal eller tverrgående profil). Alternativt kan denne kompetanseoversikten knytast til studieprogram. Ei slik kompetanseoversikt vil gje eit godt grunnlag for den framtidige strategiprosessen og utfylle den kartlegginga som er gjort på studieprogram m.m. (leveranse 1).</p> <p>2) Utset ambisjonen om universitetsstatus i to år til 2025 Fagmiljøa må først bli kjent med kvarandre før vi kan stake ut kursen for desse; sjå også førre generelle innspel. Dessutan fortener styret og rektor å lære litt meir om den nye høgskulen før så tunge strategiske val skal tas.</p> <p>Nokre av HiB sine dr. grads program (godkjente eller planlagde) er sannsynlegvis faglege for smale for å dekke mesteparten av dei mest relevante forskingsmiljøa slik NOKUT-forskrifta krev. Det er naturleg sidan desse blei planlagd under ein annan verkelegheit, ikkje den fusjonerte verkelegheita. Fagmiljøa ved AIN, som er blant dei mest kompetansetunge og internasjonalt retta ved HVL, er eit døme på eit slikt fagmiljø som ikkje har sin naturleg plass i dei planlagde dr. grads programma (sjå også punkt om kartlegging). Vi ber om at ein vurderer heile 'Profilområde' eller 'Tverrgående tema' som overbygging for Dr.grads programma ved HVL.</p>
<p>Kap 3</p>	<p>A) Innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald: Dette er noko vanskeleg gitt kartleggingsgrunnlaget. Vi prøver likevel og tek då utgangspunkt først i tabell 2, siste versjon: Tabell 2 er det viktigaste samandraget av den faglege profilen og typisk noko som kan bli brukt i styrepapir, presentasjonar m.m. og difor er det så viktig at denne er gjennomført. Slik den ser ut no så er den enno noko prega av at prosjektgruppa har betre kjennskap til profilområde 1 og 2 medan innhaldet i område 3 og 4 dels har blitt til ved innspel frå styringsgruppedlemmer. Dette viser seg gjennom m.a. ulikt detaljnivå innanfor 'Profilelement' og ' Kan lukkast nasjonalt' m.m.. Dette understreker behovet for betre kartlegging.</p> <p>Dessutan bør ein unngå at dei same omgrepa går att fleire stader. Slik vi forstår det så har ein 'Profilområde' som er bygd opp av 'Profilelement' som skal leie fram til delområde innan profilområda der vi har 'nasjonal', 'internasjonal' og 'tverrgående' kapasitet</p> <p>AIN ønskjer ei betre utgreiing av profilområde 3 og 4 (jf. innspel om dette til fagleg organisering også), der samanhengen mellom miljø- og samfunnsvitskapane kjem betre fram. Miljøvitskapane som er samanstillt av både natur- og samfunnsvitskaplege fag har faglege berøringspunkt både mot økonomi og andre samfunnsvitskapar og mot teknologi/real fag.</p> <p>Her følgjer nokre konkrete forslag til endring: Profilområde 1: Profilelement: 'Velferdsteknologi' (ev. omsorgsteknologi) bør inn her. Dette er jo også ein del av eit 'Tverrgående tema' område' med relevans til helse m.m. (sjå eigne merknader om dette området) og bør då vera nemnt som profilelement.</p> <p>Profilområde 2:</p>

Tittel: Vi er ueinig i at 'Danning' vert brukt for eit profilområde då det jo femnar alt vi driv med. Det passar betre som eit 'Tverrgående tema'. 'Samfunn' vert brukt her medan store delar av samfunnsvitenskapane ikkje er inkludert her. Vi føreslår at omgrepet 'Samfunn' heller vert nytta i profilområde 4 eller i profilområde 4. Eit muleg nytt namn utifrå profilelementa: 'Undervisningsvitenskap, idrett og kultur'; uansett er det viktig at profilområde, profilelement og delområde heng saman.

Profilområde 3:

Tittel: Tittelen er noko avhengig av kor ein ønskjer å ha inn 'Miljø' og 'Miljøvitenskap' (sjå også over). Desse kan passe både i område 3 og 4; dei representerer forskning og utdanning innan både natur- og samfunnsvitenskapar. Ein mulegheit er at profilområde kan heite 'Teknologi, miljø og sikkerheit', eller 'Teknologi, miljø og samfunn' dersom samfunnsvitenskapane skal hit. For dette vert kartlegginga og drøftingar i fagmiljøa viktige.

Profilelement (dele opp meir): Brannsikkerheit, Energiteknologi, Kommunikasjonsteknologi, Robotteknologi, Sensorteknologi, Havromsteknologi, Nautikk; og (dersom miljøvitenskapane skal vera her): Økologi, Geologi og Geofare, Klimaendringar, By- og landskapsplanlegging, Fornybar energi.

Nasjonalt: dersom ein går utifrå vårt forslag om å konsentrere bruken av berekraftig utvikling o.l. til 'Tverrgående tema' så kan det takast bort her.

Internasjonalt: Dersom 'Miljøvitenskap' skal vera i profilområde 3 så kan 'Climate Change management' (slette 'Sustainable' då dette kjem i tverrgående tema) flyttast hit frå profilområde 4 fordi det heng så tett saman med 'Miljøvitenskap og berekraftig utvikling'. Kan vurdere å fjerne 'Berekraftig utvikling' her og berre ha dette i 'Tverrgående', men dette avhenger av at ein finn rett nivå og presisjonsnivå på heile teksten og tabellen.

Profilområde 4:

'Miljøvitenskapane' kan også plasserast inn her, saman med samfunnsvitenskapane. Dessutan kan ein del av det som går på innovasjon og entreprenørskap flyttast til eit 'Tverrgående tema' då dette femnar om mange av faga ved HVL og ikkje berre som eige profilområde (sjølv om nokre av desse kan vera profilelement innanfor profilområdet).

Tittel: Kan t.d. endrast til 'Samfunn, økonomi og miljø'.

Profilelement: 'Berekraftig utvikling' kan heller nyttast i 'Tverrgående tema' (sjå under); det passar betre og dessutan unngår ein oppattaking. Dersom ein gjennomgang (samt klargjeringa av samanhengen mellom fakultetsstruktur og fagleg plattform) syner at 'Miljøvitenskap' bør vera ein del av dette profilområde så bør teksten her kombinera profilelement frå økonomi og samfunnsfaga saman med våre miljøvitenskaplege, som t.d. Økologi, Geologi og Geofare, Klimaendringar, By- og landskapsplanlegging, Fornybar energi.

Internasjonal: Gitt ny overskrift så kan 'Climate change management' (ta bort 'sustainable' for å forenkle) bli verande i dette profilmrådet sidan størsteparten av det noverande fagmiljøet som er knytt til dette internasjonale elementet er frå miljøvitskapane. Uansett så bør altså 'Miljøvitskap' og Climate Change Management tilhøyre same profilmråde.

Andre merknadar

Alle profilelement og tekst i tabellen bør byrja med stor forbokstav og ordnast alfabetisk for betre leslegheit og som uprioriterte profilelement.

Alle profilelement og omgrep bør kunne søkast opp på Wikipedia eller tilsvarande og ikkje vera konstruert av HVL-personale.

Namn på tabellinjer

'Kan lukkast nasjonalt': 'Fagmiljø på godt nasjonalt nivå'. Vi tek utgangspunkt i det vi har, ikkje strategiske val om kva vi skal lukkast med i framtida. Det blir opp til styret og fagmiljøa når desse har fått satt seg.
'Internasjonal': Eigentleg har ein her med 'Fagmiljø på internasjonalt nivå', ev. 'Fagmiljø med internasjonal profil'. Det kan også vurderast om dette eigentleg er fagmiljø der ein har potensial til å ha dr.grads program eller om det bør vera knytt til 'Tverrgåande tema'
'Tverrgåande satsingsområda' kan endrast til 'Tverrgåande tema'. Ein bør også vurdere om det eigentleg er desse som burde vore grunnlag for dr.-gradsprogram (sjå også eigen merknad til Universitetsambisjonen).

B) Kvalitetssikre omtalen

Generelt innspel: Tekstane er heilt ulikt formulert, med ulik fokus og er ikkje samanliknbare. Her vil kartlegginga kunne bidra til at ein får noko meir kvantitativt fokus på forskinga som føregår på felta. Dette kunne vera eigne tabellar for dei ulike tema.

s.9: '**Velferdsteknologi**' bør inn i avsnittet som startar med «Eit anna område som og skapar mulegheiter.....»

s 13. Ny tekst til '**Miljøvitskap og berekraftig utvikling**' (Teksten er forkorta og oppdatert i forhold til det som er profilelement med relevans for dette tema og korrigert i høve bestillinga):

«HVL har ei unik kopling av fagmiljø innan mange ulike miljøvitskapar som geologi og geofare, økologi, by- og landskapsplanlegging, fornybar energi med ressursøkonomi og samfunnsplanlegging med ei samla høg og brei kompetanse på miljøvennlege og berekraftige løysingar for byar og landskap. Grunnleggande og anvendt forskning ved HVL vert publisert i relativt stort omfang i internasjonale kanalar av høg kvalitet; tiltrekker seg EU, NFR og regionale midlar frå samfunns- og næringsliv; og har utdanningar som er populære både nasjonalt og internasjonalt, med god gjennomstrøyming.»

s.15 Ny tekst til '**Climate change management**' (Stryk: 'Sustainable': er brukt i 'Tverrgåande' og dessutan vert namnet for langt og trengst ikkje) og flytt til profilmråde 3:

	<p>« HVL er sær godt rusta til å kunne jobbe med desse tverrfaglege problemstillingane gjennom å kombinere prosesskunnskap om klimaeffektane frå naturvitskaper som geologi, økologi og andre realfag (klimaeffektar), med anvendt kunnskap om klimatilpassingar frå areal- og samfunnsplanlegging og sikkerheit, samt bygg og energivitskapane (klimatilpassing), og den samfunnsfaglege og økonomiske kunnskapen om korleis få til berekraftig utvikling og utsleppsreduksjonar (klimaomstilling). Sjå eigne tema for informasjon om publisering-, prosjekt- og utdanningsportefølje i miljøvitskapane og tilgrensande fagfelt.»</p> <p>Manglande kartlegging gjer at der vanskeleg å vera presis om prosjektverksemd, publisering o.l.</p>
<p>Kap 4</p>	<p>Generelt innspel: det slår oss at det sannsynlegvis er desse tverrgåande tema som burde vore utgangspunkt for vidareutvikling av dr.grads program og HVL sin universitetsambisjon. For å sikre universitetsambisjonen så må jo dei beste fagmiljøa med. Det er kanskje i desse 'tverrgåande' at ein nærmar seg den spennvidda som dr. grads program bør ha i den nye høgskulen. Uansett må ein nok jobbe noko meir med desse og det krev betre innsikt i dei meir fagspesifikke profilområda.</p> <p>Gruppering, omgrepsbruk og innhald:</p> <p>'Tverrgåande tema': fjerne 'satsingsområde' då alle profilområda jo også er satsingsområde.</p> <p>'Berekraft og sikkerheit': 'Sikkerheit' vert frå vår ståstad forstått meir som eit profiltema under profilområde 3 på nasjonal og internasjonalt nivå. Vi føreslår difor å erstatte med 'Berekraftig utvikling' som er eit kjent tverrgåande tema/omgrep. Sikkerheit blir ivareteke gjennom punkt under, ev. fleire. Dersom ein følger våre råd og tonar ned bruken av 'berekraft'-omgrepet elles i teksten så blir det i dette tverrgåande tema dette omgrepet verkeleg finn sin relevans.</p> <p>Forslag til revidert omgrepsbruk i punktlista under 'Sustainability':</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fornybare energi og berekraftig bruk av energiressursar • Utvikling av berekraftig og miljøvennleg næringsliv • Redusere skadeverknader av klimaendringar og arealinngrep • Miljøvennlege bygg og byar • Sikkerheit og miljøutfordringar i maritim næringar • Berekraftig arealplanlegging tilpassa geofarar og landskapsfaktorar • Miljøvennleg transportteknologi og berekraftige transportsystem • Økonomiske modellar for grønt skifte og berekraftig utvikling • Klimaomstilling og samfunnsplanlegging <p>'Innovasjon, entreprenørskap og omstilling' kan vera eit eige tverrgåande tema (jf. tidl. merknad). 'Kreativitet' er jo kanskje noko udefinert og liknar litt på 'Danning'; altså noko vi alle driv med.</p>
<p>Kap 5</p>	<p>Første spørsmål (1a+b under) må delast i to då samkøyring og strategi er to heilt ulike storleikar.</p> <p>1a) Samansetjing av arbeidsgruppe for samkøyring av utdanningane ved HVL:</p> <p>Institutt- og studieleiarar er sannsynlegvis dei som har best oversikt her.</p> <p>1b) Samansetjing av arbeidsgruppe for strategisk fagleg utvikling</p>

	<p>Her bør nok nye og gamle dekanar også inngå. Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart? Unngå meir samkøyring enn det som er hensiktsmessig.</p>
<p>Kap 6</p>	<p>Visjon: bytt ut ‘profesjonsretta’ med det meir moderne og inkluderande ‘arbeidslivsretta’. Ikkje alt på HVL er profesjonar og vi har berre nokre få av profesjonane i vår portefølje.</p> <p>Gir måla og operasjoniseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? 1c) Endre til: «å utvikle breie doktorgradsprogram med god involvering i dei beste forskingsmiljøa med nasjonal og internasjonal relevans (jf. faglege profilområde og tverrgående tema).</p> <p>Reflekterer måla og operasjoniseringa HVL sin profil? Det må sikrast at det som er fagområde med nasjonal og internasjonal relevans og kanskje helst dei tverrgående tema er dei som er reflektert i dr-grads programma. Dette er enno ikkje slik. Profilarbeidet må få effekt på kva som er dr.grads programma ved HVL og ikkje omvendt.</p>
<p>Delprosjekt Universitetsambisjon (Vedlegg 1)</p>	<p>Generelle innspel: Utset ambisjonen til 2025. Ambisjonen må spegle det som blir resultatet av Fagleg profil-arbeidet og påfølgande strategiarbeid; no er tidslinja fokusert på det som HiB var i gang med og dette er ikkje nok for HVL. Når fusjonen no er eit faktum så fortener styret, rektor og dei tilsette at dette blir ein god og eigen HVL-prosess. Om ikkje så kan universitetsambisjonen havarere før vi er komne godt i gang med HVL. Til dømes så burde det internasjonale PhD-programmet ‘Nautical and maritime operations’ vera inkludert ein del av universitetsambisjonen og ein bør vurderer om fagmiljø knytt til ‘Climate change management’ eller ‘Sustainability’ og andre tverrgående tema kan bli opphav til dr. grads program. Her må ein køyre prosess, ikkje tjuvstarte.</p>